

Referat frå møte i Vest-Telemarkrådet 12. januar 2010.

Tilstades: Regionordførar Anne-Nora Oma Dahle, Arne Vinje, Torstein Tveito, Solveig S. Abrahamsen, Bjørn Nome, Olav Urbø, Sverre Sæter, Hans Kristian Lehmann, Per Dehli, Ketil Kiland, Therese Hauger og sekretær Kjell Gunnar Heggnes.

I tillegg møtte Rolf Helge Grønås, Marte Bakken Resell og Torstein Fjeld frå Telemark fylkeskommune.

Møteinnkallinga vart godkjent utan merknader. Saklista vart godkjent med fylgjande saker under ymse:

- Vidareføring av brannvernssamarbeidet
- Orientering om vanndirektivet
- Prosjekt i regi av VTNU

Sak 01/2010 Referat frå rådmøte 1. desember 2009.

Vedtak: Referat frå rådmøte 1. desember 2009 vert godkjent utan merknader.

Sak 02/2010 Strategisk næringsplan 2007 – 2010, val av representant til arbeidsgruppa.

I tråd med Rådets vedtak om å opprette ei arbeidsgruppe i samband med strategisk næringsplan 2007 – 2010 låg det føre oversikt over øvrige medlemmer av arbeidsgruppa.

Vedtak: Som Vest-Telemarkrådet sin representant i arbeidsgruppa vert valt regionordførar Anne-Nora Oma Dahle.

Sak 03/2010 Skjønnsmidlar 2010. Drøftingssak.

Regionrådsleiar orienterte innleiingsvis om bakgrunnen for saken. Skjønnsmidlane for 2010 skal gå til fornying/omstilling og ha spesiell fokus på kvalitetsutvikling og effektiv ressursbruk.

Den oppnemnde arbeidsgruppa hadde i møte 4. januar drøfta aktuelle prosjekt i samband med skjønnsmidlane for 2010, og tilrår fylgjande tiltak:

- Fullføring av aktuelle IKT-prosjekt
- Gjennomgang/evaluering av IT-system for helse/omsorg
- Beredskap/utdanning innan brannvernssamarbeidet

Vedtak: Vest-Telemarkrådet sluttar seg til arbeidsgruppas tilråding og ber gruppa utarbeide søknad som omfattar dei tre prosjekta.

Sak 04/2010 Kollektivplan for Telemark, plan for auka kollektivtrafikk ?

Rolf Helge Grønås, Marte Bakken Resell og Torstein Fjeld frå Telemark fylkeskommune var tilstades i denne saken. Det same var Svein Olav Straand og Tellef Solås frå Telemark Bilruter AS som informerte nærare om selskapet, ekspressrutene og utfordringane selskapet står ovanfor.

Vest-Telemarkrådet har tidlegare vedteke uttale til kollektivplanen, og til dagens møte var det utarbeidd eit tilleggsbrev som uttrykker bekymring i høve til ekspressrutene i regionen. Bakgrunnen for tilleggsbrevet var signal om at fylkeskommunen i sitt framlegg til politisk handsaming ville legge til grunn eit forslag i den tidlegare utarbeidde stamlinjerapporten om å opne opp for alternative ruteopplegg på dagens etablerte ekspressbuss-strekningar. Til møtet låg det imidlertid føre klåre signal frå fylkeskommunen om at føringane frå stamlinjerapporten ikkje skulle leggjast til grunn i samband med den nye kollektivplanen. Fylkesrådmannen svara også eit klårt ja til auka samarbeid mellom fylkeskommunen, kommunane og kollektivselskapa i høve til å vidareutvikle dei eksisterande kollektivtilboda.

Vedtak: Orienteringane frå Telemark Bilruter AS vert teke til vitande.

Vest-Telemarkrådet godkjenner forslaget til tilleggsuttale i samband med kollektivplanen, og tek til vitande at den tidlegare utarbeidde stamlinjerapporten med tilråding om alternative ekspressruter no vert lagt vekk.

Sak 05/2010 Prostidiakonatot 25 år. Orientering.

Prostidiakon Eilev Erikstein og nestleiar i styret Solveig Abelone Midtgarden var tilstades i denne saken. Prostidiakonatot i Vest-Telemark kan i år feire 25-årsjubileum og er elles det fyrste diakonatot som vart oppretta her til lands.

Eilev Erikstein orienterte om bakgrunnen for opprettinga av dette felleskyrkjelege samarbeidet og fortalte frå arbeidet i diakonatot og den vidare utviklinga innafor dette området. Mellom anna vil den komande "eldrebylgja" vera ei utfordring for diakoniarbeidet i åra som kjem.

I samband med at diakonatot står som arrangør av den årlege pilegrims-marsjen mellom Seljord/Kviteseid og Røldal ser ein det som ynskjeleg at regionrådet deltek i marsjen i jubileumsåret.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande.

Sak 06/2010 Vest-Telemarktreff 2010.

Elisabeth Lid og Olav A. Veum var tilstades i denne saken. Innleiingsvis orienterte Elisabeth Lid frå eit vellukka seminar på Lien Fjellgard 8. – 9. januar med tittelen "No er det min tur" gjeldande rekruttering innan landbruket.

Det vart vidare orientert frå erfaringane med dei 2 Vest-Telemarktreffa som vart arrangert på Smuget i Oslo i 2008 og 2009. Treffa hadde noko ulik innretning mellom anna i høve til underhaldning og moglegheit for samtaler med dei frammøtte.

I samband med eit mogleg 3. treff vil ein kombinere det beste frå dei to tidlegare treffa. Aktuell treffdato er 22. april 2010.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringane til vitande. Rådet sluttar seg til at det vert arbeidd vidare med å arrangere eit tredje Vest-Telemarktreff i Oslo, og at det vert utarbeidd ein søknad til Fellesfondet om finansiering.

Sak 07/2010 Felles grafisk profil for Vest-Telemark.

Ole Dalen frå Vest-Telemark Næringsutvikling hadde meldt forfall til møtet.

Vedtak: Saken vert utsett til neste rådsmøte.

Sak 08/2010 "Med argusøyne på WTO", orientering v/prosjektleder Helge Christie.

I denne saken var prosjektleder Helge Christie tilstades og orienterte.

Prosjektet starta i 2003 og har som målsetting å halde dei deltakingane oppdatert i høve til WTO-forhandlingane. Vest-Telemark er ein av fem deltakingane regionar og Arne Vinje er vår representant i ei arbeidsgruppe rundt prosjektledaren.

I løpet av desember 2010 skal det vera ferdig-forhandla ny WTO-avtale og viktige datoar i prosessen er hovudrådsmøta 22. mars og 29. juli.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande.

Sak 09/2010 Ymse.

Vanndirektivet.

Fylkesvaraordfører Lars Bjaadal orienterte kort om EU sitt vanndirektiv som gjennom EØS-avtala også er forpliktande for Noreg. Det er frå statens side utarbeidd forskrift med rammer gjeldande forvaltninga av vatn, og desse skal sikre mest mogleg heilskapleg vern og berekraftig bruk av alt vatn. Noreg er delt inn i 9 regionar der Telemark sine vassdrag er knytt til 2 av desse, hhv. Region 2 Buskerud/Vestfold/Telemark og region 3 Agderfylka og Rogaland. Både fylkesmannen og Fylkeskommunen er sentrale i dette arbeidet.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande og legg til grunn at fylkeskommunen vil orientere nærare på eit seinare rådsmøte.

Vidareføring av brannvernsamarbeidet.

Det låg føre eit notat frå styreleder Hans Kristian Lehmann i *Interkommunalt brannvernsamarbeid i Vest-Telemark IKS*.

Selskapet har ansvar for førebyggjande brannvern og feiing og ynskjer no å sette i gang ein prosess med tanke på at samarbeidet også skal omfatte beredskap.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet sluttar seg til forslaget om å sette i gang ein prosess med tanke på at brannvernsamarbeidet også skal omfatte beredskap i kommunane. Rådet ber rådmannsutvalet sette ned ei arbeidsgruppe med representasjon frå rådmannsnivå, teknisk etat, brannvernsamarbeidet og tillitsvalde. Ein ber gruppa lage ei utgreiing om ei utviding av samarbeidet og at ei mogleg tilråding vert lagt fram for Vest-Telemarkrådet innan utgangen av 2010.

Prosjekt i regi av VTNU.

Bjørn Nome orienterte om at Fyresdal kommune har fått signal frå eit selskap som ynskjer å utføre arbeidet som i dag vert utført av Vest-Telemark Næringsutvikling innan vandreprosjektet. Det vart mellom anna peika på at dette kan vera ein mogleg sak for prøving i KOFA.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande.